



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Uttale vedr.» Forslag om endringer i privatskoleloven (ny friskolelov)»

Viser til utsendt høring vedr «Forslag om endringer i privatskoleloven (ny friskolelov)», dat . 17.10.14, med svarfrist 15.jan 2015.

Styret ved Vinnes Friskule har drøfta høyringsforslaget i styremøte 6.nov 2014 og 12.jan 2015 , og vil gje fylgjande uttale til forslaget:

Mange av dei generelle endringsforslaga har vi ikkje merknader til , men vi vil spesielt knyta kommentar til punkt 10.5 (§ 2-2- tredje ledd) Minste elevtal.

Vi meiner at ny nedre grense på 30 elevar for godkjenning og vidare drift er for høgt. Vinnes Friskule har i dag 25 elevar og vil bli direkte berørt av forslaget. Slik det ser ut vil elevtalet ikkje koma over 30 på nokre år. Skulen og bygda arbeider aktivt for å leggja til rette for nytt boligareal og dermed grunnlag for tilflytting og vekst. Då skulen starta opp som friskule i 2006, baserte vi drifta på ein langsiktig strategi der vi var trygge for at nedre grense for godkjenning og drift var 15 elevar. Det har utløyst eit enormt engagement i bygda der skulen er pussa opp og påbygt for ca 3-4 mill kroner, noko som gjer grunnlag for å auka elevopptaket.. Skulen har i dag eit langsiktig lån på ca 1,5 mill. Barnehagen i bygda har og bygt nytt bygg i tilknytning til skulen. Slik sett har bygda bygt opp eit felles oppvekstmiljø for barn frå 1-13 år Alt dette er eit enormt løft for ei bygd med ca 260 innb. I fellesskap held skulen og barnehagen på å utvikla vårt felles uteområde til ein rik og trygg leikeplass(den einaste i bygda) kombinert med ein sosial møteplass for alle generasjonar. Vert skulen lagt ned, vil det få konsekvensar for barnehagen, og mykje av den innsatsen og kampen som bygda har lagt ned, vil vera fånnytt og utviklinga i bygda vil lett koma inn i ein negativ spirall. Vi tek med denne bakgrunnen for å presisera at ein skule er så mykje meir i ei bygd enn berre skule. Den er ein institusjon som utløyser stor lokal innsats og engagement som har konsekvensar langt ut over sjølve skuledrifta. Vi føreslår derfor at friskular som er i drift må få forhalda seg til noverande elevtalsgrense på 15 elevar, medan friskular som førebur oppstart kan forhalda seg til ny elevtalsgrense på 30 elevar. Det vil gje eit meir rettferdig og avklarande utgangspunkt!

Vi vil og kommentera det pedagogiske synet som lovforslaget byggjer på, nemleg at små skular gjer eit fagleg dårleg tilbod og at det sosiale elevmiljøet kan bli for snevert. Dette er argument som alltid kjem fram for å legitimera samanslåing til «robuste einingar». Vi vil påpeika at skulen vår har fullt ut kvalifiserte, stabile og erfarne tilsette , og har hatt det gjennom mange år. Og nettopp p.g.a. få tilsette kan det utløysa ekstra engagement og innsats for skulen som kjem elevane til gode.

Vi ser sjølsagt at små elevmiljø kan vera sårbare med tanke på sosiale relasjonar, men vår erfaring er at elevane søker vennskap på tvers av årstrinna i mykje større grad enn på større skular, noko som kan vera positivt både for dei yngste og dei eldste. Vår påstand er at små

Vår dato
14/01/2015

Dykkar dato

Vår sakshandsamar



skular ikkje sjølsagt treng vera gode skular, men at dei har det beste utgangspunktet for å bli gode skular.

Alle våre elevar bur innan gangavstand til skulen, noko som bidrar til betre fysikk ved at elevane går/syklar til skulen, skaper opplevingar på skulevegen og reduserer miljøutslepp og stress ved busskøyning. Slik skulle alle elevar hatt det!!

Vi er sikre på at departementet har høyrte våre argument frå før, men dei blir ikkje mindre sanne for det!

Vi vil sterkt tilrå at nedre elevtal på 15 elevar vert vidareført for godkjente friskular.

Vi vonar at synspunkta våre vert teke omsyn til når endeleg ny friskulelov skal vedtakast!

Helsing

Styret for
Vinnnes friskule
Vinnnesvegen 574
5641 Fusa

v/ Magne Djuvik
leiar

Randi Helland

Torild-Elin Dalland

Hallvard Godøy

Berit Dalland

Dagfinn Solberg
Sekretær/dagleg leiar

Foreining
Vinnnes Friskule

Organisasjonsnummer
989 954 784

Postadresse
Vinnnes
5641 Fusa
Bankkontonummer
3530 22 97272

Telefon
56 58 41 72

E-post
vinnnes.friskule@fusi.no